



## SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
90/16	Komit� for drift og forvaltning	20.09.2016

### **H yringssak - Forskrift om plikt til   stille krav om bruk av l rlingar ved offentlege anskaffingar**

#### **Samandrag av saka:**

**Kunnskapsdepartementet har sendt Forskrift om plikt til   stille krav om bruk av l rlingar ved offentlege anskaffingar p  h yring.**

**Ny lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven) ble vedtatt av Stortinget 13. juni 2016. Lovens   7 omhandler oppdragsgjevar si plikt til   stille krav om bruk av l rling og forskrifta skal vedtakast med heimel i denne paragrafen. Forskrifta fastset n rre regler for oppdragsgjevar si plikt til   stille krav om bruk av l rlingar.**

**H ringsfristen er 16.10.2016.**

#### **Innstilling:**

Komite for drift og forvaltning er positive til bruk av l rlingar ved offentlege anskaffingar og sluttar seg til forskriftsutkastet slik det ligg f re.

Straume, den 09.09.2016

Steinar Nesse  
R dmann

Lillian Torsvik  
servicetorgsjef

#### **Handsama i Komit  for drift og forvaltning - 20.09.2016:**

R dmannen sin representant servicetorgsjef Lillian Torsvik var til stades under behandlinga av h yringssaka.

Innstillinga vart samr ystes vedteken.

## **Vedtak i Komité for drift og forvaltning - 20.09.2016:**

Komité for drift og forvaltning er positive til bruk av lærlingar ved offentlege anskaffingar og sluttar seg til forskriftsutkastet slik det ligg føre.

### **Dokument vedlagt saka:**

- Kunnskapsdepartementet - Høring - Forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar ved offentlege anskaffelser
- Utkast til Forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontrakter

### **Saksopplysningar:**

Forslag til ny lovheimel vart sendt på høyring saman med forslaget til gjennomføring av dei tre nye anskaffingsdirektiva. Hovudinntrykket var at høyringsinstansane var positive til innføring av ein heimel om krav om bruk av lærlingar i anskaffingslova. På denne bakgrunn blei det i § 7 i forslag til ny anskaffingslov foreslått ein heimel som pålegg oppdragsgjevarar å stilla krav om bruk av lærlingar, jf. Prop. 51 L (2015–2016) - Lov om offentlege anskaffelser (anskaffelsesloven). Heimelen lyder slik:

*"Statlige, fylkeskommunale og kommunale myndigheter og offentligrettslige organer skal stille krav om at leverandører er tilknyttet en lærlingordning, og at en eller flere lærlinger deltar i arbeidet med gjennomføringen av kontrakten. Kravet gjelder i bransjer hvor departementet i forskrift har definert at det er særlig behov for læreplasser. Departementet kan i forskrift fastsette nærmere regler om krav om bruk av lærlinger, herunder at kravet bare skal gjelde for kontrakter over en bestemt verdi og varighet.*

*I den enkelte anskaffelsen må kravet stå i forhold til kontraktens art og omfang."*

Departementet fastlegg i vedlagte forskrift nærare reglar om bruk av heimelen. Jfr. vedlagte høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet og utkast til forskrift.

Forskrifta er avgrensa til å gjelde tenestekontraktar og kontraktar om bygge- og anleggsarbeider, jf. §4 i utkast til forskrifta.

Departementet foreslår i utkastet å nytta «anskaffelsesforskriftens EØS-terskelverdi» for kjøp av varer og tenester som terskelverdi for forskrifta. Denne er på 1,1 millionar kroner ekskl. mva. for statlege oppdragsgjevarar og 1,75 millionar kroner ekskl. mva. for andre oppdragsgjevarar. Anskaffelsesforskrifta og forsyningsforskrifta sine reglar for berekning av anskaffinga sin verdi får anvendelse for berekninga av anskaffinga sin verdi. Departementet foreslår at dei same terskelverdiane skal gjelde for rammeavtaler. Ved berekninga av rammeavtalen sin verdi skal den høgaste stipulerte verdi ekskl. mva. av alle forventa kontraktar i heile rammeavtalen sin løpetid leggst til grunn ved berekninga av rammeavtalen sin verdi.

Departementet foreslår at plikta til å krevje bruk av lærlingar skal gjelde for kontraktar som gjeld arbeid med ei varigheit på over tre månader. Dette inneber at for at ein kontrakt skal

vera omfattata av forskrifta, må den både ha ein verdi som overstig den relevante terskelverdien og en varighet på over tre månader.

Utkastets § 6 regulerer oppdragsgjevar si plikt til å krevje bruk av lærling. Oppdragsgjevar skal krevje både at leverandøren er tilknytt lærlingordning og at han nyttar lærlingar på den konkrete kontrakten.

Bestemmelsen i forskriftsutkastet § 7 fastset korleis det skal avgjerast om det er særleg behov for læreplassar i ein bransje. Det er behov for eit enkelt system som medfører at den enkelte oppdragsgjevar ikkje må bruka mykje tid på å undersøkje om det er behov for læreplassar, og tydelege vurderingskriterier. Dette er utfordrande fordi tal lærlingar i dei enkelte faga er ulike, dei lokale behova er forskjellige og søking til læreplassar føregår normalt utifrå ein årssyklus som føl skuleåret.

Departementet meiner at eventuelle vanskar med å skaffa lærling på bestemte tider av året eller i spesielle geografiske områder vil fanges opp av forslaget til unnataksbestemmelse i § 10. Departementet tek sikte på å utarbeida ein rettleiar til forskrifta, som kan bidra til å hjelpe oppdragsgjevarane med vurderinga av særlege behov.

I utkast til forskrifta §9 står det mellom anna at oppdragsgjevar som del av den alminnelege kontraktsoppfølginga skal gjennomføra nødvendig kontroll av om krava om bruk av lærlingar vert overhalde. Krava om bruk av lærling og at leverandør skal vera lærebedrift er kontraktskrav, som ikkje skal vera oppfylt ved tildeling av kontrakt, men ved oppstart av arbeidet.

Ved mistanke om brot på bestemmelsene i forskrifta kan søksmål reises for domstolen eller KOFA, jf. den nye anskaffelsesloven §§ 8 og 11 og KOFA-forskriften.

Dei positive konsekvensane av plikta til å krevje bruk av lærling er vanskeleg å berekne. Det har ved fleire høve blitt avdekka økonomisk kriminalitet og kvitvasking av pengar i forbindelse med offentlege anskaffingar. Departementet antar at kravet om å være lærebedrift vil føre til at fleire seriøse leverandører får oppdrag for det offentlege, og at andelen økonomisk kriminalitet difor går ned. Plikta til å krevje lærling er også forventta å føre til at fleire ungdommar under utdanning får lærekontrakt. Mangelen på lærekontraktar er ei viktig årsak til at ungdom avbryt vidaregåande opplæring. Kostnadene for den enkelte og samfunnet ved at ungdom ikkje er i utdanning eller arbeid er betydelege.

### **Vurdering:**

Rådmannen er særst positiv til at Stortinget 13. juni 2016 vedtok ny lov om offentlege anskaffingar (anskaffelsesloven), der det mellom anna var teke inn ein ny heimel i §7 om krav om bruk av lærlingar.

På denne bakgrunn sender Kunnskapsdepartementet no på høyring eit utkast til forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar ved offentlege anskaffingar.

Rådmannen har ingen merknader til forskriftsutkastet og støttar utkastet slik det ligg føre.